



Kaland Trelast AS
Keilevegen 45
5953 FONNES

Referanser:
Dykker:
Vår: 17/2922 - 17/30525

Saksbehandlar:
Knut Bjørnevoll
KBJ@lindas.kommune.no

Dato:
24.10.2017

Løyve til oppføring av hytte med tilkomstveg og avløpsanlegg - gbnr 40/54 Hodneland

Administrativt vedtak. Saknr: 484/17

Tiltakshavar: Runar Kildehaug
Ansvarleg søker: Kaland Trelast AS
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (tbl.) §§ 20-1 og 20-3.

Tiltak og planstatus:

Det vart den 08.03.2017 gjeve delvis godkjenning av søknad om dispensasjon frå LNF-føremålet i kommuneplanen for oppføring av hytte med tilkomstveg og avløpsanlegg. Tomta vart frådelt i 1974. Hytta har bruksareal (BRA) opplyst til å vera 79 m² og bygd areal (BYA) 117 m². Søknaden omfattar grunn- og terrengarbeid, leidningsnett og opparbeidning av avkøyrslle, tilkomstveg og parkering . Andre tiltak som kan vere vist på innsendte teikningar er ikkje omfatta av dette vedtaket.

Utsleppsløyve for minreinseanlegg vart gjeve i eiga sak den 19.10.2017.

Det vert elles vist til søknad motteken 25.09.2017.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett då han var motteken. Fristen er 3 veker og gjekk ut 16.10.2017. Overskridning av sakshandsamingsfristen i saker med 3 veker frist fører ikkje til reduksjon av gebyr.

Uttale frå anna styresmakt

Landbruksavdelinga i kommunen
har den 23.06.2017 gjeve løyve etter jordlova til etablering av tilkomstvegen:

Det er halde synfaring av tilkomst vegen til bnr 54 mellom eigar av gnr 40 bnr 5 og underteikna i månadsskifte mars/april i år.

Under synfaringa kom det fram at det mest tenlege var å legga vegen i grenselinja mellom gnr 40 bnr 5 og gnr 40 bnr 7 (sjå vedlagt kart). Etablering av denne vegen vil og gjera drifta av jordstykket på bnr 5 lettare.

Ein gjev med dette løyve etter jordlova § 9 til etablering av denne vegen.

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3.

Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 15.09.2017.

Det er søkt om ferdig golv på kote + 27,3 m.

Vatn og avløp

Det skal etablerast borehol for vassforsyning og minireinseanlegg med biologisk og kjemisk rensing med avløp til lukka jordbruksgrøft. Utsleppsløyve for minreinseanlegg vart gjeve den 19.10.2017.

Rett til å plassera veg og anlegg for vatn og avløp på naboeigedommen er dokumentert.

Tilkomst

Søknad om avkjørsle frå kommuneveg er godkjent i brev datert 21.09.2015. Ny vegtrase med same avkjørsle er godkjent av landbruksavdelinga. Vi legg til grunn at fylkesmannen sine merknader til opprinnelig søknad fell bort.

Terrenghandsaming

Situasjonsplanen viser uteoppphaldsareal, tilkomst, parkering og avkjørsle.

Teikningar/snitt viser eksisterande og nytt terregng, og plassering i terrenget.

Visuelle kvalitetar

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn har gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv, og i høve til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2.

Flaum, skred og andre natur- og miljøtilhøve

Ansvarleg søker har erklært at tiltaket ikkje skal plasserast i eit område der det er fare for flaum, skred eller andre natur- og miljøtilhøve som krev særskilte undersøkingar eller tiltak. Kommunen legg denne vurderinga til grunn for vedtaket.

Tekniske krav til byggverk

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK), jf. pbl. § 29-5.

VURDERING

Plassering

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

Visuelle kvalitetar

Tiltaket har etter kommunen sitt skjønn gode visuelle kvalitetar, både i seg sjølv og i høve til si funksjon, og dei bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2

Privatrettslege tilhøve

Rett til å plassera veg og anlegg for vatn og avløp på naboeigedommen er dokumentert.

Tiltaksklasse

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn.

Vurdering etter naturmangfaldslova

Kommunen har vurdert prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova. Kommunen har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no og nytta rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland. Kommunen kan ikkje sjå at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert tidlegare gjeven dispensasjon endra til også å gjelda tilkomstveg i ny trasè.

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3 vert det gjeve løyve i eitt trinn for oppføring av hytte med tilkomstveg og anlegg for vatn og avløp på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 15.09.2017, med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3. Ferdig golv skal vera på kote + 27,3m.
2. Avløpsanlegg skal etablerast i samsvar med utsleppsløyve i delegert vedtak datert 19.10.2017.
3. Tilstrekkeleg kapasitet og kvalitet på drikkevatn skal dokumenterast før det vert gjeve ferdigattest eller bruksløyve.
4. Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen før det vert gjeve ferdigattest eller bruksløyve.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønsker. Klagen skal grunngjenvært. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 17/2922

Ansvær

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlige føresegner gjeld føresegnene før løynet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyremakt.

Mellombels bruksløyve/Ferdigattest

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av tiltaket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Med helsing

Siril Sylta avdelingsleiar

Knut Bjørnevoll
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Hildegunn Hodneland

Sædalssvingene 46 5099

BERGEN

Runar Kildehaug

Sædalssvingene 46 5099

BERGEN

Mottakarar:

Kaland Trelast AS

Keilevegen 45 5953

FONNES